

Sprøyteromprotest 29.juni (Klassekampen 2.juli 2007) Med foto (doc)

OPNING: Medan Rusmiddeletaten sørga for at det mellombels sprøyterommet inne på tomta til Prinds Christian Augusts Minde i Storgata i Oslo vart offisielt opna sist fredag, markerte Prindsens Venner sitt syn med plakatar med ein tydeleg bodskap til gjestane.

Byrådet har nyleg vedtatt å støtta Byantikvaren sitt framlegg om freding av Prinds Christian Augusts Minde, men vil sikra køyretilgang til området frå Christian Krohgs gate.

– Ei slik opning vil bryta med det grunnleggjande ved heile anlegget, det at det var lukka mot omverda. Det vil dessutan føra til ei rasering av det gamle hageanlegget, seier Wenche Blomberg i Prindsens Venner. MF (foto: greg rødland buick)

